

PROTOKOLL GENERALFORSAMLING 2017
FOR HORDALAND TEATER LL

Møtestad: Hordaland Teater, Logen, Øvre Ole Bulls plass 6, 5012 Bergen
Møtedato: Tysdag 25. april 2017 – kl. 15:30 – 16:00

- Frå luteigarane møtte: Beate Husa, Hordaland Fylkeskommune
Ronny Skaar, Hordaland Fylkeskommune
Jonny Haugland, Folkeakademiet i Hordaland
Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag
Torgeir Toppe, Voksenopplæringsforbundet Hordaland, VOFO
Astrid H. Olsen, Hordaland Mållag
Vivian Midtsveen, Vestlandske Teatersenter
- Frå styret: Pål W. Lorentzen, styreleiar
Ragnhild Stolt-Nielsen
Alexander Fosse Andersen
- Frå administrasjonen.: Solrun Toft Iversen, påtroppande teatersjef
Atle Marøen, direktør

SAKSLISTE

Sak 1: Opning av møtet ved styreleiar Pål W. Lorentzen, og registrering av møtande luteigarar med stemmerett (inkl. fullmakter):

Beate Husa, Hordaland Fylkeskommune (fullm)	240 luter
Vivian Midtsveen, Vestlandske Teatersenter (fullm)	80 luter
Jonny Haugland, Folkeakademiet i Hordaland	20 luter
Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag	20 luter
Torgeir Toppe, VOFO	20 luter
Astrid Olsen, Hordaland Mållag	20 luter

Dei frammøtte utgjorde 400 lutar av totalt 400.

Sak 2: Val av møteleiar og representantar til å skrive under protokollen

Vedtak: Som møteleiar vart Pål W. Lorentzen vald

Til å underskriva protokollen vart Beate Husa og Øystein Rambjørg vald

Sak 3: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkallinga og sakslista vart godkjend

Sak 4: Godkjenning av resultatrekneskap/balanse, styret si årsmelding og melding frå revisor for 2016, i

samband med dette nytting av overskot/dekking av underskot. Årsmelding, rekneskap og revisor si melding var send ut på førehand.

Vedtak: Generalforsamlinga godkjende årsmelding, rekneskap og revisor si melding for 2016, irekna styret si tilvising av disposisjon av overskott

Sak 5: Fastsetjing av honorar til styret sine medlemmer

Styret hadde føreslått prolongering av følgjande honorar,

Honorar styreleiar	kr. 52.000
Honorar nestleiar	kr. 26.000
Honorar per møte	kr 1.200
Honorar styremedlem	
Per møte	kr. 1.200
Reisegodtgjersle	
Betalt per time for tapt arbeidsforteneste	

Vedtak: Styret sitt føreslag på honorar vart godkjend

Sak 6: Fastsetje godtgjersle til revisor

Styret hadde fremja forslag om at revisor sitt honorar vert fastsett til kr 53 813 for 2018

Honoraret fordelar seg som følgjer:

Lovpålagt revisjon,	kr 43 750
Andre tenester	kr 10 063

Vedtak: Revisor sitt honorar for 2016 vert fastsett til kr. 53 813.

Sak 7: Val

Frå tilsette er føreslått følgjande kandidat som varamedlem,

Varamedlem tilsette: Solfrid Glesnes

Andre styre- eller varamedlem er ikkje på val.

Vedtak: Varamedlem tilsette Solfrid Glesnes vald

Generalforsamlinga vart heva kl. 16:00.

Bergen, 25.04.2017

Beate Husa

Øystein Rambjørg

Atle Marøen

referent